



Nr 2

2015

66. årgang

Kyrkjevalet 2015
kyrkjevalet.no

Skapar
framtidas
kyrkje



Den gode skatten

«Ta vare på den gode skatten som er tiltrudd deg, ved Den heilage ande som bur i oss», 2.Tim.1.14

Dette var orda presten skreiv til meg i det vesle nytestamentet ved konfirmasjonstida mi her i Hyllestad i 1971. Nett då tenkte eg ikkje så mykje over dei, men to-tre år seinare fekk dei mykje å seie. I brevet forklarar apostelen innhaldet i denne skatten: Det er den som er oss gjeven «i Kristus frå evige tider», og vidare: «Han har gjort ende på døden og ført udødeleg liv fram i lyset ved evangeliet».

Landet vårt har vorte rikt på mange jordiske skattar, men ser me innhaldet og det Gud vil gje oss gjennom den beste av alle skattar, vår frelsar Jesus Kristus? Ser me og at denne budskapen har vore til rik velsigning for oss i tider som har vore? I unge år vart dette eit alvorleg spørsmål for meg, og eg er takksam for å ha fått del i evangeliet og oppgåva å vere med å peike på den viktigaste skatten av alle. Ved innsetjingsgudstenesta i august, var temaet dette med frigjering frå lova. Frelsa går ikkje gjennom oppfylling av lova og gode gjeringar. Det er viktig at me lever eit godt liv og prøver å gjere det beste me kan, men ved Guds lov kjem me alle til kort. Den glade budskapen er difor kva Gud har gjort for oss gjennom Jesus



Kristus. Det kristne alternativet er difor ei «tru verksam i kjærleik»

Tru, håp og kjærleik er fine symbol me kjenner. Dei seier og noko om innhaldet i trua vår.

KROSSEN - står for trua. Her i Hyllestad har me ein rik kulturarv med alle dei steinkrossane som vart hogde ut her, til dømes den som i dag står i Korssund. Krossen er kristendommen sitt fremste symbol, og har så veldig mykje å seie for mange menneske utover heile verda i dag. Vår

oppgåve i kyrkja er å få fram at den nett ikkje er berre eit museumssymbol, men ei tru som kan få mykje å seie for alle livsområde i livet vårt også i ei «moderne» tid.


HJARTET – står for kjærleiken. Jesus hadde alltid hjartelag for dei som hadde det vondt og streva. Det står og at når Gud har elska oss så mykje gjennom det Jesus gjorde for oss, så er også me skuldig å elska kvarandre. Det er ikkje alltid lett, men den ekte og sanne kjærleiken kjem ovanfrå, frå Gud til oss, den er alltid «rein» og den får me del i gjennom ord og sakrament.

ANKERET – står for håp. I kystkommunen Hyllestad veit me kva eit anker er, det som held ein båt fast der den ligg fortøya. Den kristne trua gjev oss eit «håp som aldri dør», som det står i ein song. «Denne vona er eit trygt og fast anker for sjela». (Hebr. 6,19).

Tru, håp og kjærleik, så er det eit fint program for kva innhaldet i den gode skatten er. Den skal me få dele, og det kan me få stå saman om her i Hyllestad i tider som kjem.

Med ønskje om Guds velsigning.

Audun Systad



Heim til Hyllestad

22.juni gjekk flyttelasset frå prestegarden på Lunde i Balestrand til huset vårt i Sørbøvåg. Å flytte er ein heil prosess, noko me har merka denne våren og sommaren: å rydde opp, sjå på det som er samla, kva er verdt å ta vare på, kva kan nyttast og gjevast til brukbutikken? Korleis vil me ha det no?

I skrivande stund, dei første dagane i august, er det enno mykje å gjere, men me kjenner det er godt å ha etablert seg her på ein vakker stad i landet vårt. Frå vindauge ser me Åfjorden, det majestetiske Lifjellet, gjerne med eit raudt skin ut på kveldinga. Me ser turistar og andre som tøffar ut i båtane sine, og det gjer me også sjølv av og til. Ein fersk fiskemiddag- kva er som det? I hagen veks vakre blomster og graset gror. Det er nok å henge fingrane i. Samstundes må me ikkje gløyme takken. Som det står i Salme 8: «Herre, vår herre, kor herleg ditt namn er over heile jorda..»

På ny har me sett at Hyllestad er ein flott kommune, mange vakre stader både ved fjord og vatn – ein kommune med gode høve for rekreasjon!

Så tek nye oppgåver til. Kari var elev på ungdomsskulen i Hyllestad då den var heilt ny i starten av 70-åra. No ventar oppgåva som lærar . Spannande.

For Audun sin del ventar stillinga som sokneprest i Hyllestad (60%), og også Brekke i Gulen (40%). I tider med ny organisering krev det omstilling, og me håpar det skal gå godt, sjølv om alderen også kryp oppover. Me er takksame for å ha fått mange hyggelege velkomstar. Kjekt når nokon seier: «Å, så flott at de kjem heim». Det varmar!

Ja, på innsetjingsgudstenesta 9.august, stod det nettopp på marsipankaka: «Velkomne heim».

Takk for gode helsingar både frå prosti, kyrkjelyd og kommune!

No har me vore så lenge borte frå Hyllestad at det er mange me ikkje kjenner. Me håpar å få mange kontaktar etter kvart, og treffe mange på ulike arenaer.

Hjarteleg velkomne til samlingane i kyrkja, både gudstenester og anna. Det skulle jo og på mange måtar vere vår heim. Og det er viktig at me kan vere saman om det viktigaste! Det er fint å sjå trusopplæringa som er i gang her, der ein også har bruk for nye medarbeidarar. Det som skjer i konfirmantarbeidet er spennande. På det musikalske området er det mange fine initiativ. Eit fint flygel i Hyllestad er og kjøpt inn. Ei nyleg byrjing med pilgrimsvandring gjennom kommunen tok til denne sommaren. Skal bli interessant å følgje vidare. No er det ikkje lenger nokon tilsett i diakoniarbeidet. Difor er det viktig med frivillige medarbeidarar også på dette feltet. Å ha omsorg for sjuke og sørgjande, for dei som ar komme hit til landet vårt, for dei som slit i livskriser. Alt dette er viktige sider ved arbeidet i ein kyrkjelyd, der kjærleikens teneste skal komme fram.

Dei tilsette på kontoret og dei folkevalde i soknerådet har



viktige oppgåver for å få fram at kyrkjelyden er ein viktig del av samfunnet i Hyllestad.

Det har vore kjekt no å lese om mange gode initiativ i kommunen på fleire felt. Så ønskjer me å vere ein del av dette!

Når me no flytta heim, var det eit område som vart litt utfordrande for oss. Det vart lengre veg til dei to eldste borna våre, Silje og Jarle og familiane deira i Luster, også med fem barnebarn. Yngste son vår, Børge, og kona bur i Bergen. Me håpar på mange gode treffpunkt også her i Hyllestad. Det har det vore denne sommaren, og dei trivst også godt her.

Så er me her. Me snakcast!

Kari og Audun Systad

Vår lokale kyrkje i Hyllestad – vedkjem den oss?

Kyrkja i Hyllestad er ei kyrkje for alle som bur i Hyllestad kommune. Vi er takksame for å spele ei viktig rolle i innbyggjarane sine merkjedagar som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Håpet og ønsket er å bety noko for innbyggjarane også mellom merkedagane.

Hyllestad sokneråd ønskjer å spele ei positiv rolle i lokalmiljøet i Hyllestad kommune. Vi ønskjer å vere ein integrert del av lokalmiljøet. Vi ønskjer å ha aktivitetar for små og store, det vere seg barne og ungdomsarbeid, song og musikk, diakoni og misjon. Aktivitetar som ikkje kommunen har finansieringsansvar for. Det er økonomien som er mest avgjerande for kor aktive vi i kyrkja kan vere. Du blir difor utfordra til å bidra, enten med einskildgaver eller fast gjevarteneste.

Barn og ungdomar inkludert konfirmanter er eit prioritert satsingsområde. Vi er heldige som har nokre frivillige som gjer ein stor og prisverdig innsats i konfirmasjonsundervisninga. Vi får eit lite statstilskot som er med og finansierer ein 25% stilling som trusopplærar. Vi har aktivitetar med utdeling av materiell for barn i ulike aldersgrupper. Men det går dessverre ikkje i hop økonomisk. Vi håpar og ber om at du som les dette, og har høve til det, vil bidra til positiv aktivitet innan vår lokale kyrkje i Hyllestad.

Irene - kyrkjevevje

Velkommen Heim!

Sundag 9.august var det samla 120 kyrkjegjengarar til innsetjingsgudsteneste for vår nye sokneprest, Audun Systad. Det vart ei flott og minnerik markering i gudstenesta, med inngangsprosesjon med dåpsbarn. Soknerådsleiar las opp tenestebrev frå biskop. Prost Reidar Knapstad heldt innsetjingstale, før Audun «endeleg» kunne ta til med sjølve gudstenesta. Denne dagen var han og so heldig at han fekk døypa Madelen Systad, som han er grandonkel til. Ettersom Erling Akse hadde ferie, hadde vi fått vår tidlegare sokneprest, Ole Agnar Helland, til å vera organist. Han valde å nytta flygelet under heile gudstenesta, noko som fungerte veldig bra. Til postludium fekk vi song av Kirsten og Jostein Ryland.



Gåver til Hyllestad sokn

For å få skattefradrag må du merke innbetalinga di med namn og at du ønskjer skattefradrag. Vi treng fødselsnummeret ditt til rapporteringa.

Hyllestad sokneråd sitt bankkontonr:

Merk innbetalinga med: «Gåve til kyrkjelydsarbeidet».

Gavegiver (Skatteetaten.no)

«Skattytere kan kreve fradrag i skattepliktig inntekt for pengegaver gitt til visse frivillige organisasjoner, tros- og livssynssamfunn, jf. skatteloven § 6-50. Gaven må utgjøre til sammen minst 500 kroner til den enkelte organisasjon i løpet av inntektsåret. Maksimalt fradrag for gaver til en eller flere organisasjoner er 16 800 kroner per år. Fradrag i skattepliktig inntekt kan gis til både næringsdrivende og privatpersoner.

For at en gave til en organisasjon skal være fradragsberettiget for giver må mottaker av gaven være godkjent av likningsmyndighetene og organisasjonen må rapportere gavebeløpet til Skattedirektoratet.»



Etter gudstenesta hadde soknerådet laga til kyrkjekaffi, der det vart talar, intervju og blomehelsing. Prost Reidar Knapstad kunne fortelja at ikkje berre har vi fått nye prestefolk, Kari og Audun Systad, som buset seg i Sørbøvåg. Det har i tillegg flytta inn ein ny familie i prestegarden: Sokneprest i Fjaler, Lilja Kristin Thorsteinsdottir og mannen, Erikur. Ikkje rart at ordførar, Jan Olav Gjerde, var oppglødd når han under kyrkjekaffien, kunne ynskja alle desse velkomne til Hyllestad på ein gang.



Takk for oss

På tusentalet så skal helgenkongen Olav den heilage vore på ferde i områda rundt Gulen. Og det blir fortald at han i kampen for den nye trua reiste to krossar i Eivindvik. Krossane var hogne i Hyllestad og det vert fortald slik om granatglimmerskiferen: I krossane finns ei mengd isprengde knoppar som liknar haggel og det er heilag Olav som har skutt dei inn. Folketrua har prøvd å finne ei forklaring til granatglimmerskiferen i Hyllestad. No har vi lært at realitetane er annleis enn folketrua. Vi har lytta til elevar frå Hyllestad skule som har guida gjennom Kvernsteinsparken. På framifrå måte har dei fortald om livet i Kvernsteinsbrotta. Dei har fortald at granatglimmerskiferen har si geologiske forklaring. Det er bergarten som for årtusener sidan vart isprengt granatar og staurolittar. I seks år har vi hatt Kvernsteinsparken som næraste nabo. Vi har lært om den framifrå skiferen som steinhoggarar kunne nytte både til å meisle ut livets steinar og det kristne krossmerket. Å bu i prestegarden i Hyllestad er å bu midt i Hyllestad si kulturhistorie. Men det er også å ha utsikt til fjord og fjell. Dei som bygde prestegarden for 130 år sidan må ha hatt det aller beste blikk for utsyn og plassering. Vi synes vi har budd på den finaste staden i Hyllestad. På netthinna har vi bildet av solnedgangen over Alden, Sørbøvågen og Ønaholmane. Aldri kom vi oss opp på Lihesten. (Nedturen kunne visst vere litt risikabel for svake knær.) Men kvar dag



i seks år har Lihestmassivet stått der slik det har gjort det i uminnelege tider. Det har sett salme 121, som vi så ofte har sunge i lag med konfirmantane inn i eit nytt perspektiv. For all ettertid så kjem Lihesten til å kome til syne når vi les orda frå salme 121:» Eg lyfter mine augo opp til fjella.» Prestegarden med kulturhistorie og utsyn. Fint at den ikkje blir ståande tom. Velkommen til Lilja med familie.

Ein bildereportasje i kyrkjebladet frå 2011 viser prost, lensmann og sokneprest i hest og karjol på kyrkjeveg



til Bø kyrkje, det er bilder av kyrkjelyd i klede frå farne tider. Vi feira 150 års jubileum for kommune og prestegjeld. I kyrkja markerte vi særleg at Hyllestad hadde blitt prestegjeld med eigen prest. Presten skulle sleppe den lange vegen frå Askvoll i all slags vær og han skulle kome nærare folket. I løpet av mi prestedid så har det historiske skjedd at Hyllestad på ny knyt band til Sunnfjord. I utgangspunktet skulle det ikkje lysast ut ny prestestilling i Hyllestad når vi reiste her i frå. Ein epoke skulle vere slutt. Hyllestad skulle ikkje lenger vere prestegjeld/sokn med eigen sokneprest. No vart det ikkje slik førebels likevel. Audun Systad og eg har gjort eit byte. Han kjem heim til Hyllestad og eg tek over den delstillinga han hadde i Vik. Vi trur dette er den aller beste løysinga. Hyllestad får fortsatt

Takk til Ole Agnar Helland!

Sundag 14.juni var det avskilsgudsteneste for vår kjære prest, Ole Agnar Helland. Ole Agnar hadde si siste gudsteneste her i Hyllestad denne dagen og veksle stafettpinne med Audun Systad, som tok til i Hyllestad 4.august. Under kyrkjekaffien vanka der nokre godbitar for alle sansar, som kaffi og eit rikhaldig kakebord, drøs kring borda, song av Balsam, takketalar bae vegar og god stemning. Ole Agnar er og har vore ein god, romsleg og omgjengelig prest, vi er takksame for dei åra vi har fått arbeida i lag. Ole Agnar tok oss med på ei vandring kring til dei ulike romma han hadde hatt gleda av å få vera innom i Hyllestad:

Prestegarden, Eiklund, nærmiljøet, heimane, kyrkjene, medarbeidarane og ikkje minst kyrkjerommet i Hyllestad kyrkje som har vore under ombygging desse åra. Vidare ville han tenkja attende på alle romma på det personlege plan som han har fått vore innom. Han kvitterte til slutt med å spela eit flott stykke på flygelet. Ei stor takk ogso til Signe Marie som har vore ein aktiv og viktig del av kyrkjelyden vår! Vi er glade og takksame for å ha hatt Ole Agnar og Signe Marie som prestefolk i Hyllestad desse åra. Lukke til vidare! Takk Gunnvor, Marion og Liv Kristine for flott til-laga kyrkjekaffi.

presteressurs som blir buande i bygda. Velkommen heim til både Audun og Kari.

Audun vert ny prest i Hyllestad framover. Men formelt sett så er ei over 150 år gammal epoke med sokneprest i Hyllestad over. Men kyrkjelivet i Hyllestad er ikkje over. Eit nytt renoverert og ombygd kyrkjerom fortel om initiativ og tankar for framtida. Bildet av dette nye kyrkjerommet vil også vere på vår netthinne for all ettertid. Det nye kyrkjerommet i Hyllestad var eit godt rom å vere i. Det nye stadeigne bordalteret utforma av bygda sine eigne folk vart den gode staden å forretta gudsteneste frå. Fleirbruksrommet vart den gode staden for konfirantar, barn og ungdom. Fleksibilitet gjorde at vi fekk eit kyrkjerom for både eldre og yngre.

Fortsatt så står den gamle kyrkja der som ramme. Fortsatt ser vi døypefont, altartavle og katekismetavle frå tidlegare tider. Kristne symbol utforma i kvernstein og prosesjonsstavar med kvernsteinskrossar knyt liner endå lengre tilbake. Midt i dette eit rom forma med tanke på vår eiga tid.

Takk for tida i Hyllestad. Takk for alle vi møtte i så mange

slag samanhengar: bygdefolk, kyrkjelyd og medarbeidarar. Vi helsar med orda frå salme 121 som Lihesten minner om:

Salme 121

Eg lyfter mine augo til fjella:

Kvar mi hjelp ifrå?

Mi hjelp kjem frå Herren,

han som skapte himmel og jord.

Han lèt ikkje foten din vera

ustø,

din vaktar blundar ikkje.

Nei, han blundar ikkje og søv

ikkje,

Israels vaktar.

Herren er din vaktar,

Herren er din skugge, han er ved di høgre hand.

Sola skal ikkje stikka deg om dagen,

og månen ikkje skada deg om natta.

Herren skal vara deg frå alt vondt

og verna om ditt liv.

Herren skal vara din utgang og din inngang

frå no og til evig tid.

Ole Agnar Helland

Kandidatliste til Soknerådsvalet 14.09.2015

Hyllestad sokn

Nom.komite: Liv Kristine Solheim, leiar, Eva Mette Olsen Høye og Marion Brendehaug.

1.	Jostein Ryland	f. 1963	6958 Sørbøvåg
2.	Marion Brendehaug	f. 1953	6953 Leirvik
3.	Brit Inger Skaar	f. 1966	6953 Leirvik
4.	Odd Takle	f. 1956	6953 Leirvik
5.	Liv Kristine Solheim	f. 1944	6953 Leirvik
6.	Steinar Urnes	f. 1944	6953 Leirvik
7.	Unni Systaddal	f. 1970	6958 Sørbøvåg
8.	Reidun Skår	f. 1962	6953 Leirvik
9.	Rune Risnes	f. 1961	6957 Hyllestad
10.	Joakim Systaddal	f. 1985	6953 Leirvik
11.	Olaug Brendsdal	f. 1968	6953 Leirvik

Flaggstang og flagging ved kyrkjene i Hyllestad

Det har vore «støy» i aviser, då særleg i Firda, om flaggstang – flaggstenger ved Øn kyrkje. Ikkje all informasjonen har vore like opplyssande, så difor nokre ord i kyrkjebladet.

Dei færraste kyrkjene rundt om i landet har flaggstang. At det står flaggstang ved ei kyrkje er såleis unnataket og ikkje regelen. Ved kyrkjene i Hyllestad har det vore, og er det flaggstenger. Ved Bø kyrkje har vi hatt to flaggstenger på portstolpane i veldig mange år. Flaggspraksisen er at det vert flagga ved gudstenester med dåp, gudstenester på høgtidsdagar samt ved gravferder. Folk i Bø tykker det er fint og høgtideleg med dei to flagga som møter dei på portstolpane når dei kjem til kyrkje og forlet kyrkja. Positiv flaggspraksis i Bø er bakgrunnen for at soknerådet, når flaggstonga på Øn blåste ned, gjorde vedtak om at ein også ved dei andre kyrkjene i Hyllestad, ønskte det slik som ved Bø kyrkje. Soknerådet må også tenkje langsiktig og ikkje gå for frivillige kortsiktige løysingar. Soknerådet ønskte ei sams og kostnadseffektiv løysing. Soknerådet, med ansvar for tre kyrkjer og eit kapell, har problem med å få midlane til å rekke, og har rett og slett ikkje råd til å prioritere flaggheising og flaggfiring på alle offentlege flaggdagar. Soknerådet må forhalde seg til arbeidsmiljølov og hovudtariffavtalar. Det er difor reglar for utlønning, og på ein høgtidsdag kostar det om lag kr 1 900 å flagge. Ingenting er så stusseleg som ei «naka» flaggstang ved ei kyrkje på høgtidsdagar.

Dette er bakgrunnen for at

Reidun Fleten har fått avslag ved begge høva ho har søkt om å få setje opp ei høg flaggstang ved Øn kyrkje. Trass avslag har det i Øn vore samla inn til ei høg flaggstang.

Ved Øn kyrkje vart det, i samsvar med tidlegare soknerådsvedtak, sett opp to korte flaggstenger på portstolpane før Påske og som vart tekne i bruk Palmesøndag. Mange i kyrkjelyden tykte, som ved Bø kyrkje, at det var fint med dei to flagga som møtte dei når dei kom til kyrkja. Frå kyrkjelyden i Øn har vi fått mange positive tilbakemeldingar. At meininga er delt blant bygdefolket var soknerådet klar over, men overraskinga var svært stor då det like etter Påske plutselig, trass avslag, sto ei lang flaggstang montert.

Hyllestad sokn, er eittsoknskommune med eitt sokneråd som har medlemmer frå alle delar av kommunen. Kyrkjeverje tykkjer det er trist at det synest å vere nokon som ikkje trur at soknerådet har syn for alle delar av soknet. Dette samsvarar ikkje med kyrkjeverja si oppleving av soknerådet sitt arbeid, der dei i sitt arbeid legg stor vekt på å femne alle deler av soknet og legge til rette for alle aldersgrupper.

Med flaggsaka i Øn vart det ein lei situasjon som soknerådet måtte løyse på ein fornuftig måte. Vi erfarer at det er ulike meiningar i Øn, og med vedtaket som soknerådet gjorde i møtet 30. juni får dei som trassa soknerådet sitt vedtak viljen sin. Vi vonar likevel at

i framtida vil soknerådet sine fleirtalsvedtak verte respekterte, og at kyrkjelyden, så godt som mogleg, nyttar kyrkja sitt årsmøte og andre kyrkjelege samlingar til å fremje aktuelle saker.

Hyllestad sokneråd fatta følgjande vedtak på soknerådsmøtet 30. juni: «*Flaggstanga som er sett ulovleg opp ved Øn kyrkje får stå så lenge det vert flagga av bygdefolket på kyrkjelege høgtidsdagar når det ikkje er arrangement i kyrkja. Dersom denne føresetnaden ikkje lenger er tilstade vert soknerådet sitt vedtak om to kortare flaggstenger på portstolpane igjen effektivt, og flaggstanga vert teken bort.*

Ved arrangement i kyrkja, også på kyrkjelege høgtidsdagar, flaggar kyrkjetenaren i samsvar med same flaggspraksis som ved dei andre kyrkjene.

Vedkomande flaggstang ved Øn gravplass / Øn kapell, ønskjer ikkje soknerådet å søkje bispedømerådet om løyve til å setje opp ei frittstående flaggstang, med grunngjeving som i saksframstilling, og ettersom mest alle gravferdsseremoniane er i Øn kyrkje der det vert flagga.»

Frå saksframstillinga: Rådgevar for gravplassaker skriv «Slik eg ser det vil en flaggstang på en gravplass i en del tilfelle kunne være en vesentlig endring som bør godkjennes av bispedømerådet. På gravplassen bør det utvises skjønn ved plassering slik den ikke blir stående for nærme gravfeltene».

Irene Fløde



Valpresentasjon
frå valrådet i
Bjørgvin bispedøme

Kyrkjevalet 2015

Kven vil du skal styre i kyrkja?

Du er med på å bestemma kven som skal sitja i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting» i perioden 2015 - 2019.

Bli kjent med kandidatane:

- Kven er dei? • Kva erfaring har dei?
- Kvifor stiller dei til val? • Kva meiner dei?

**Kort presentasjon på dei neste sidene -
fylldig presentasjon på kyrkjevalet.no/bjorgvin**

Dei nominerte til Bjørgvin

Det er ein nominasjonskomite som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med ein medlem frå kvart prosti. Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømmet og forslag frå medlemmene i nominasjonskomiteen. Komiteen har lagt vekt på at begge kjønn skal vere representerte med minst 40 prosent og at lista skal innehalde minst 20 prosent kandidatar under 30 år. Det er vidare lagt vekt på å at ein skal representere ei breidde i kandidatane sine syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål.



1. Inger Helene Thingvold Nordeide

54 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Medlem og leiar Bjørgvin bispedømeråd, søndagsskulelærer, gudstenesteutval, kyrkjeblad, helse- og sosialutval i kommunen, styre folkehøgskule.

Eg stiller til val fordi eg ønskjer å være med å påverke i dei vala kyrkja skal gjere etter skillet frå staten.



2. Nora Sætre Baartvedt

20 år. Student, Fyllingsdalen videregående skole. Voss, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar av Ungdomsrådet i Bjørgvin, medl. klokkarlaget i Voss, delegat Ungdommens kirkemøte 13 og UKM-delegat til Kyrkjemøtet 14.

Eg stiller til val fordi det er viktig for meg at kyrkja, i denne tida med endring, er til stades i samfunnet og bidreg med positive verdiar. Samstundes er det viktig at me framleis opprettheld dei tradisjonar og retningslinjer som me sjølve kjenner oss att i. Eg vil gjerne være med å koma fram til noko som sikrar ei god framtid for kyrkja vår.



3. Karl Johan Kirkebo

65 år. Markedsdirektor. Bønes, Fana prosti.

Erfaring: Medlem og leiar i menighetsråd, Stiftelsen Bønes interimskirke, menighets-

blad, medlem fellesråd og medlem/leiar prostiråd. President i lokal Lions club.

Eg stiller til val fordi eg har eit brennande engasjement for kyrkja og for det den kan bety for kvar enkelt og for lokalsamfunnet. Eg er uroleg for utviklinga i kyrkja og er redd for at kyrkja er i ferd med å bli meir og meir konform, med blir lågare takhøgde og høgre tersklar. Viktig å ta tak i bl.a. finansiering no når kyrkja blir meir sjølvstyrt. Med min bakgrunn frå økonomi og strategi og mitt engasjement som kyrkjemedlem, trur eg at eg kan medverka.



4. Andreas Skeidsvoll

23 år. Student, Universitetet i Bergen. Osterøy, Åsane prosti.

Erfaring: Sokneråd. Eittåring i kyrkja. Student-KRIK, kor, ungdomsforeining og kyrkjelydsarbeid.

Eg stiller til val fordi eg ønskjer å bidra med tankar og idear om korleis kyrkja kan løysa dei store utfordringane den står overfor i tida framover. Eg ønskjer å være ei ung røst i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, og eg håper at mi erfaring frå fleire kristne ungdoms- og studentmiljø kan vera med på å gi eit nytt perspektiv på sakene som vert tatt opp i desse organa.



5. Berit Nøst Dale

63 år. Høgskolelektor NLA/ Lærerhøgskolen. Meland, Nordhordland prosti.

Erfaring: Medlem i Bjørgvin bispedømeråd, medlem og nestleiar i sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er blitt beden om det, kanskje fordi eg har erfaring frå bispedømeråd og kyrkjemøtet siste periode. Som lek kyrkje-gjengar i eigen kyrkjelyd ser eg det som positivt at folk på grunnplanet er med og avgjer kvar kyrkja skal gå vidare i den nye situasjonen som kyrkjesamfunn heller enn statskyrkje.



6. Marius Økland

29 år. Adm. leiar, Normisjon reg. Sogn og Fjordane. Bremnes, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Konfirmantlærer. Styre- og leiarverv i Indremisjonssamskipnaden og Normisjon. Søndagsskulelærer.

Eg stiller til val fordi eg er motivert til å jobbe for at kyrkja skal vere relevant i barn og unge sitt liv. Dette må vi halde varmt på alle nivå i kyrkja. I trua på Jesus er vi kalla til eit livslangt disippelskap – og kyrkja må møte barnefamiliane, ungdommane og dei unge vaksne sine behov for kristent fellesskap på ein måte som er relevant for dei.



7. Liv R. Ågotnes

48 år. TSP Group Manager and System Administrator. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Leiar for personal- og serviceavd. ved Bjørgvin bispedømekontor. Kyrkjevevje, leiar kyrkjelydsutval, medlem sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er glad i kyrkja og voner eg kan gjere nytte for meg med min kompetanse innan personal, organisasjon breid erfaring innanfor ulike arbeidslag i kyrkja.



8. Ida Lindøe

47 år. Lektor, Kvam ungdomsskule. Ålvik, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd og medlem fellesråd og trusoppplæringsutval. Medlem og leiar Emmaus (no Kyrkjeleg dialogsenter Bergen). Studentmenigheten i Bergen. Medlem kvinneutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi fordi eg håpar å kunna bidra med mi erfaring og kompetanse frå kyrkjeleg arbeid i meir enn 25 år. Bakgrunnen min som religionsvitar er også relevant. Eg har eit stort ønske om at så mange som mogeleg skal få oppleve Den norske kyrkja som ein god stad å komme til og få bu i. Låg terskel, inkludering i fokus. Være ein god arbeidsgjever. Kyrkja må både klare å tilpasse seg slik kvardag og helg er for folk flest i dag, samstundes som den skal ta vare på tradisjonar både frå kyrkjelivet i Noreg og hente inspirasjon frå den verdensvide kyrkja gjennom historien.



9. Vemund Øiestad

66 år. Tannlege i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Norsida sokn, Nordfjord prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Leiar fellesråd og prostiråd. Varamedlem Etisk råd i Den norske tannlegeforening.

bispedømeråd 2015-19

Eg stiller til val fordi eg er oppteken av utviklinga i kyrkja. Med bakgrunn både frå sokneråd og fellesråd i 18 år, har eg ein god del kunnskap og erfaring som vil vere viktig å ta med seg i dei utfordringar kyrkja står overfor dei næraste åra.



10. Per Hilleren

56 år. Bonde, Stedje, Sogn prosti.

Erfaring: Leiarverv regionale styre i landbruk og landbrukssamvirke. Styreleiar Lyngmo Ungdomssenter. Sokneråd og prostråd.

Eg stiller til val fordi eg ynskjer å vere med å bidra til å styrkje den norske kyrkja sin posisjon.



11. Inge Wilhelm Økland

26 år. Barne- og ungdomsarb. i Indremisjonsforb. Sandviken, Bergen domprosti.

Erfaring: Varamedlem ungdomsrådet i Bjørgvin. Konfirmantleiar.

Eg stiller til val fordi det er ei veldig spennande tid kyrkja er inne i no, og val gjort i neste periode kan få store konsekvensar for framtida til kyrkja. Eg trur det kan være positivt med nokon ungdomar i bispedømerådet.



12. Hildegunn Kalvenes

67 år. Pensjonert helsesøster. Austevoll, Fana prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Helsesøster. Meddommar Heradsretten.

Eg stiller til val fordi eg ser på kyrkja som ei stor misjonsmark. Viktig at det er klar forkyning til omvendning og frelse. Ynskjer å vera med å fremje at kyrkja står på Guds ord.



13. Bjørn Sandvik Sølsnæs

20 år. Student. Leikanger, Sogn prosti.

Erfaring: Verv i Fylkesstyremedlem i Senter-ungdomen Sogn og Fjordane, Leiar i Senter-

ungdomen Midtre Sogn, Leiar i Leikanger Bondelag, Leiar i Leikanger Mållag.

Eg stiller til val fordi eg er reflektert og engasjert. Eg er glad i og kjenner meg heime i kyrkja, og vil gjerne bruka engasjementet mitt på å forvalta henne vidare. Me lever i ei spennande tid og står føre store endringar. Eg er løysingsorientert og trur eg kan bidra positivt og konstruktivt i dei prosessane som kjern.



14. Kjellfrid Torunn Mæland

63 år. Førsteamanuensis i pedagogikk ved HSH. Stord, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Medlem i sokneråd og kyrkjeakademi.

Eg stiller til val fordi eg har fått eit konkret spørsmål frå den lokale kyrkjelyden. Eg ser det meningsfylt og spennande å delta i kyrkjeleg utviklingsarbeid i ei tid med store endringar, og der både nasjonale og internasjonale perspektiv høyrer med.



15. Gunn Ragnhild Vårdal Helgesen

59 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Selje, Nordfjord prosti.

Erfaring: Ordførar, Varaordførar, Leiar i Nordfjordrådet, Leiar i hovudutval for skule og barnehage i Selje.

Eg stiller til val fordi eg er spurt om å stille som kandidat, og eg har eit ynskje om å delta.



16. Kjell Jarle Aadland

66 år. Rådgiver. Os, Fana prosti.

Erfaring: Os Y's men klubb president, Y's men Region Norge kasserer.

Eg stiller til val fordi eg vil vera ein representant for mangfaldet.



17. Jostein Bildøy

49 år. Dagleg leiar. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Mentor/teneste i trusopplæring, foredragshaldar. Fylkessekretær KRF.

Søndagsskulekonsulent. Styremedlem European Lutheran Sunday School Association.

Eg stiller til val fordi eg vil vere ein medspelar i arbeidet med å styrke og vidareutvikle trusopplæring for barn, familie og kyrkjelyd. Eg vil arbeide for Den norske kyrkja som ein proaktiv og dynamisk kyrkjeleg organisasjon som lokalt og nasjonalt motiverer som konkret trussamfunn og folkekyrkje. Eg vil vere ein medspelar i arbeidet med dialog mellom trus- og livssynsamfunn for kjennskap, tryggleik og respekt.



Supplerande kandidat: Egil Morland

65 år. Førsteamanuensis. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkerådet, Fagleg-etisk utval i Menneskeverd. Varaordførar.

Eg stiller til val fordi dei siste åra og dei komande er svært viktige for kyrkja si framtid, både når det gjeld ordningar og profil. Det vil ikkje vera rett å «hoppa av» no, med den erfaringa eg har frå desse prosessane. Eg har no hatt 1½ periode i Bispedømerådet, og er for tida også vald medlem av Kyrkerådet.



Supplerande kandidat: Marte Seip

69 år. Pensjonert lækjar. Eidfjord sokn, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Kirkens Nødhjelp i Sør-Sudan og Pakistan. Sokneråd og fellesråd. Speidarleiar. Medlem av diakoniutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi kyrkja ligg meg på hjarta. Vi er no inne i ein viktig organisasjonsoppbyggingsfase. Eg er oppteken av at strukturar på alle plan må tene det lokale arbeidet. Spesielt meiner eg at eg kan representere små kommunar og prosti med mange sokn og kommunar.

Supplerande kandidatar kom inn etter nominasjonen med minst 75 underskrivarar kvar bak seg. Alder på kandidatane er alder på valdagen 14. september.

Les meir om
kandidatane på
kyrkja.no/bjorgvin



Bli betre kjent med kandidatane

Les meir om kandidatane på nett: kyrkja.no/bjorgvin, eller i brosjyre du får på ditt lokale kyrkjekontor.

Der kan du lesa kandidatane sine svar på desse spørsmåla:

1 | Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

2

Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer den evangelisk-lutherske folkekyrkja som:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

3

Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

4

Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

5

Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Kyrkjevalet 2015 - kort sagt

- 13. – 14. september er det kyrkjeval i tillegg til kommune- og fylkestingsval. Dei fleste stader er valet berre den 14. september
- Alle medlemmer av Den norske kyrkja har røysterett frå det året dei fyller 15.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Kandidatane blir valde for fire år.
- I august vil alle med røysterett få eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «Storting». Kyrkjemøtet har ei veldig viktig rolle i å styra kyrkja no som den er i ferd med å bli sjølvstendig i høve til staten.
- Di røyst i det direkte valet er med på bestemma dei fire første kandidatane som skal inn i bispedømerådet. Resten av dei sju leke representantane blir valde av sokneråda seinare.
- I tillegg vel prestane ein kandidat og andre kyrkjeleg tilsette ein kandidat. Begge desse gruppene har egne kandidatlistar. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet, som har 10 medlemmer.

Du kan påverka

Nominasjonskomiteen sine kandidatar er sette opp på vallista i prioritert rekkjefølgje. Eventuelle kandidatar frå supplerande nominasjon står nedst på lista utan nummer. Rekkjefølgja har berre noko å seie dersom to kandidatar får likt tal røyster. Kvart kryss du set framfor ein kandidat, kan difor ha mykje å seia.

Slik går du fram når du skal velja kandidatar

A | Du kan levere røystesetelen utan endringar.
- Alle kandidatane på røystesetelen får då ei røyst kvar.

B | Vil du endre på røystesetelen, kan du gje inntil tre kandidatar ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten.

- Kandidaten får då to røyster.
- Andre kandidatar får ei røyst kvar.
- Andre endringar vil ikkje telje med.
- Det er ikkje høve til å stryka kandidatar.

Soknerådsleiaren har ordet

Det er igjen valhaust både i kommune, fylke og ikkje minst også i kyrkja. Måndag 14 september er det nytt soknerådval, og for oss i Hyllestad er dette annleis enn på ei stund. Vi har hatt ein del år med ein prøveperiode der halve soknerådet har vore på val kvart andre år, men vi går no tilbake til den gamle ordninga, og har val på heile soknerådet for ny 4-års periode. Vallista er lagt ut på kyrkja si heimeside og den består av representantar frå heile kommunen, og har ei rimeleg god fordeling i forhold til både alder og kjønn.

Kyrkja i Hyllestad har vore gjennom mange endringar og utfordringar dei siste åra, og vi står også framfor ein del nye, både på kort og lengre sikt. Ei av dei største utfordringane for kyrkja i Hyllestad har i det siste vore å få på plass eit betre økonomisk driftsgrunnlag. Vi er difor takksame for at Hyllestad kommunestyre no i juni har auka løyvinga til kyrkja for 2015 slik at vi er tilbake på eit nøkternt, men leveleg budsjett for inneverande driftsår. Kyrkja er svært viktig for mange menneske i ulike samanhengar. Korleis den enkelte vert teken i mot er viktig, og sjølvsagt at alle blir sett og høyrte. Til dette arbeidet har vi gode og erfarne medarbeidarar i stab som, saman med mange frivillige, syter for ei god lokalkyrkje i Hyllestad. Men vi treng endå fleire frivillige slik at vi kan auke innsatsen, då særleg opp mot ungdomsarbeid og trusopplæringa.

Kyrkja i Noreg går inn i ein spanande og avgjerande tidsperiode. Det er starta viktige prosessar for å avklare korleis forholdet mellom kyrkje og stat skal vere vidare, og dette vil vere spørsmål som kjem til

handsaming for dei lokale råda i tida framover. Vidare er vi inne i ei tid med sterkt fokus på kommunestruktur, ei endring her vil sjølvsagt òg påverke kyrkja lokalt, korleis denne kan drivast framover og korleis ein kan klare å ivareta både bygg, kyrkjegardar og medarbeidarar på ein god måte.

Men det viktigaste for kyrkja er å bringe budskapet om Jesus Kristus ut til alle som ynskjer å ta i mot den, så også for kyrkja lokalt i Hyllestad. I Bjørgvin Bispedømme har ein nedfelt ein visjon som lyer:

«Saman vil vi ære Den treeinige Gud - ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd». Hyllestad sokneråd har sett seg som ei målsetjing å invitere til ei brei samling lokalt, hausten 2015, for å starte eit arbeid med å finne vår lokale visjon for kyrkja i Hyllestad. Dette vonar eg at det nye soknerådet raskt vil ta fatt i, saman med ny sokneprest. Eg trur det er viktig å forankre ein lokal identitet innan kyrkja sitt arbeid, kva vi ynskjer å ha sterkest fokus på og kva arbeidsoppgåver vi klarar å nå over, på ein god måte. Eg vonar at så mange som mogleg vil ta del i dette arbeidet, anten som tilsette, frivillige medarbeidarar eller på anna måte engasjert i lokalkyrkja i Hyllestad sitt arbeid. Sjølv blir eg gjerne med, anten det blir som rådsmedlem eller frivillig medarbeidar, det gjenstår å sjå.

Framtida vår er dei unge, dette betyr ikkje at dei godt vaksne ikkje skal vere med, nei det betyr berre at vi må vere oss bevisst at vi skapar ei levande kyrkje som også rommar den yngre generasjon, dei som vidare framover meir og meir skal ta over arbeidet i kyrkja.

Eg meiner at vi i Hyllestad har skapt eit godt grunnlag for slik kyrkjeleg vekst i åra som kjem. Med godt arbeid innan



trusopplæring, mange tilbod til ulike årsklassar 0-18 år, og eit meir tilrettelagd kyrkjebygg i kommunesenteret på Hyllestad, står vi etter mitt syn, betre rusta enn mange andre, men vi kan òg gjere meir. Eg veit at eg har mange med meg når eg trekkjer fram trusopplæringsarbeidet i kyrkja. Her er vi som kyrkjelyd gitt ei stor oppgåve og ein flott moglegheit til å nå ut med det som er kyrkja sin store budskap: (Ref. Matt.28.19-20) «Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande, og lær dei å halda det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står».

Til dette viktige arbeidet treng vi enda fleire medarbeidarar i kyrkja, noko eg vonar at det nye soknerådet vil ha fokus på, og legge til rette for.

Vonar så mange som mogleg tek turen til valurnene i haust, og hugs at ved kyrkjeval har også dei frå 15 år og opp stemmerett, deira involvering er vår notid og framtid.

Info om val finn du på: www.hyllestad.kyrkja.no

Godt Val, og hugs å førehandsrøyste om du ikkje er der måndag den 14. september !

*Beste helsing
Jostein Ryland
Soknerådsleiar*

Base-Camp

Siste helga i mai arrangerte soknerådet BaseCamp (leir) på Hyllestad.

Ein gjeng med flott ungdom frå Askøy/Bergen kom tidleg på fredag, rigga til eit imponerende musikk/lyd/lys-anlegg i kyrkja vår. (trur kanskje det er fyrste gongen kyrkja har husa eit så heftig anlegg)

Solution har vitja oss to gonger før, så det var stor forventning til dette besøket. Ein del av ungdomane våre har også vore i kontakt med denne ungdomsgjengen på leirar tidlegare, så kontakten vart etablert frå fyrste stund.

Me samlast fredags kvelden, fyrst til mat og prat, -vidare hadde me samling med lov-song, forkynning, vitnemål og endå meir song....og mat. Bygdefolk kom med pizzasnurrar/frukt/platekaker,- og det blei ete godt ☺

Det vart ein sein kveld med prat, lek og moro i kyrkja, men ungdomane våre kom utkvilde (?) og forventningsfulle til frukost i Kvernsteinsparken tidleg laurdags morgon.

Og for ein dag det blei! Reknar med at gledeshyla nådde langt ut i fjorden ☺

Bileta viser litt av aktiviteten. Ungdomane vart delt i to lag som konkurrerte i ulike aktiviteter, som bogeskyting, dramatisering/teater, tautrekking m.m. Det vart vått etter kvart, men med god fyr på bål, både ute og inne, vart sko og sokkar tørka,- og når ein hoppar og sprett, eller sit tett saman, held ein varmen.

Det kjem godt med at det er høgt under taket i kyrkja, for laurdagskvelden var lydnivået høgare enn me er van med. Og det gler eit aldrande hjarte å sjå engasjert ungdom som let seg



begeistre når dei syng: «Gi meg Jesus, bare Jesus. En uendelig kjærlighet, ufattelig dyp og bred. Gi meg Jesus, bare Jesus, ingen andre er lik deg Jesus» Sundag morgon starta med frukost i kyrkja. I gudstenesta var det pastor Tore Vindenes som forkynte, og fleire av ungdoma-

ne deltok. Det kom ein god del bygdefolk til kyrkje i tillegg til ungdomane, og tilbakemelding rundt kyrkjekaffibordet var svært positive.

I ei gruppesamling på laurdagen, kom det fram at ungdomane våre ynskjer at me skal halde fram med ungdomssamlingar i kyrkja vår. Dette er noko eg tenkjer me må ta på alvor, og reknar med at soknerådet seier noko om. Fleire godt vaksne har alt meldt seg til å bidra, så dette trur eg skal bli bra. Så her er det berre å fylgje med på heimesida og facebook-sida til kyrkja framover. «Rikdom er ikkje det me eig, men det me opplever»

Kirsten Gravdal Ryland





Kommentarar frå nokon av deltakarane:

Adrianne Lavik Akse:

Da va ei veldig kjekk helg, som eg hadde gleda meg veldig mykje til. Helga levde opp til alle forventningane + litt meir. Da at Solution ville komme, va jo utruleg koselig, og vi hadde da veldig gøy ilag med dei ☺

Om det går an å gjenskape den helga, så ville eg veldig gjerne kunne ha gjort da. Og sjølv sagt vil eg at dei skal komme tilbake seinare.

Eg oppfordra alle ungdommar til å bli med på ei sånn helg om dei kjem att!

Benjamin Vindenes frå Askøy:

Det var en fantastisk helg ☺

Den helgen var en helg eg hadde gledet meg til lenge. Fordi eg visste vi kom til å ha det gøy med lek, spill, fellesskap. Men ikkje minst fellesskap saman i lovsang til Gud. Har mange gode minner. Og eg vet at dette er noe eg har lyst å være med på neste gang ☺ Gud e så go ☺



Veslemøy Ryland:

Eg synest at Base Camp var ei kjempekjekk helg, og eg hadde gleda meg lenge til det.

Ungdommane frå Askøy lagde eit kjempebra opplegg, og eg syntest at det beste med heile helga var møtene og lovsangen.

Det var veldig kjekt at det var eit lovsangsband som var med å lede lovsangen i kyrkja, og det var annleis musikk enn vi er vant til å høyre i kyrkja. Eg gler meg til fleire slike, og liknande samlingar i kyrkja.

Trusopplæringstiltak i Hyllestad kyrkje

4 åringar (f. 2011)

Onsdag 16. sept kl. 17.15 til 18.15: 4 årssamling

Søndag 20. sept kl. 11.00: Hausttakkefest m/utdeling av Mi kyrkjebok 4

6 åringar (f. 2009)

Onsdag 21. oktober kl. 17.15 til 18.45: 6 årssamling

Søndag 25. oktober kl. 11.00: Familiegudsteneste med utdeling av Mi kyrkjebok 6

5-åringar (f. 2010)

Kyrkjerottesamlingar – Bygge Guds rike

Onsdag 28. oktober, onsdag 11. november og onsdag 18. november kl. 17.15 til 18.30

Søndag 22. november kl. 11.00: LysVaken -gudsteneste med utdeling av kyrkjerottediplom

11-åringar (f. 2004)

LysVaken i Hyllestad kyrkje, laurdag 21. og søndag 22. november.

Invitasjon kjem i posten.

Velkomen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de og på vår heimeside: www.hyllestad.kyrkja.no



Konfirmerte:

Øn 26.04:

Gard Eiken Flage
Daniel Nordbø
Stein-Tore C. Nybakk
Simon Skivenesvåg
Torstein Porten Øen
Gina Marie Bjørnstad



Bø 03.05:

Olav Mjell Hofsvik
Christoffer Mowatt
Mari Dale Salbu
Vegard Støyva
Benjamin Wolff



Hyllestad 10.05:

Adrianne Lavik Akse
Hans Olav Gjerde
Karine Strandos
Tone Charlotte S. Eikelid
Veslemøy Ryland
Sander Boge Skaar
Kjartan Solheim

Velkommen til Kyrkjelydsbasar i Hyllestad

Tradisjonen tru, vert det ogso i år skipa til kyrkjelydsbasar i Hyllestad kyrkje sundag 4 okt. kl 1500. Andakt v/ Audun Systad

Litt program.

Mange fine gevinstar!

4- 5 åresalg.

Trekking av bøker .

Kaffi og kaker, sosialt samvær!

Støtt opp om basaren, der inntekta går til Soknerådet sitt Barne og Ungdomsarbeid.

Soknerådet v/ Marion Brendebaug



Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*



Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Glede og Sorg

Døpte:

Hyllestad: Elise Holen Dale
William Matheo Atterås

Grimelid

Ella Sophia Glavær
Frida Birkeland
Mats Engtrø Birkeland
Isabell Herstad Risnes
Madelen Systad

Øn: Lea Sophie Espedal Kverhellen
Rebecka Schei

Vigde:

Hyllestad: Hilde Skjerping Lekva og
Bjarne Andre Lekva

Øn: Kristine Høydal og Roy-Erik
Helgås Kjosnes

Gravlagde:

Bø: Ida Sofie Nyland, f. 1922
Hyllestad: Olga Bertine Gjerde f. 1915

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no



Hyllestad

ÅPEN 09-19 (16)



Lat oss realisere din bustaddraum!

RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Byggbmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing
Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firmapost@rylandbygg.no

Velkommen til kyrkja

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no

30.08.	Bø 17.00	Gudsteneste
06.09.	Hyllestad 11:00	Gudsteneste Konfirmantpresentasjon
13.09.	Kvernst.parken 12.00	Gudsteneste Kyrkjekaffi
17.09. torsd.	Øn kapell 17:30	Kveldssong
20.09.	Hyllestad 11.00	Haustattakkegudst. Utdeling av 4-årsbok
01.10. torsd.	Hyllestad 17.30	Kvardagsgudst. Presentasjon av soknerådet
02.10 fred.	Hyllestad 19:30	Konsert med «foCus qrt.»: Brdr. Jan-Tørres, Terje og Per Nordstrand, som ættar frå Hyllestad/Lavik. Dei har og med seg gospelpianist, Brad White
04.10.	Hyllestad 15.00	Kyrkjelydsbasar Føremål: soknerådet sitt barne- og ungdomsarbeid
18.10.	Øn kyrkje 11.00	Gudsteneste
25.10.	Hyllestad 11:00	Gudsteneste Utdeling av Mi kyrkjebok til 6-åringar
01.11.	Hyllestad 16.00	Gudsteneste Helgemesse
08.11.	Bø 16.00	Gudsteneste
12.11. torsd.	Hyllestad 19.30	Kvardagsgudst.
22.11.	Hyllestad 11.00	LysVaken gudst. avslutn. Kyrkjerottesaml.
06.12. 2sia	Hyllestad 19.00	Lysmesse Lysmesse med konf.
13.12. 3sia	Hyllestad 15.00	JULEKONSERT
24.12. Julaft	Øn 14:00	Gudsteneste
24.12. Julaft	Bø 16.00	Gudsteneste
25.12. Juled	Hyllestad 2.00	Høgtidsgudst.
26.12. 2.juled.	Eiklund 11:30	Julegudst.

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. med
annonser til fylgjande prisar:

Visittkortannonse
4 innrykk pr. år: kr. 2.400,- pr. År
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. År


Dobbel visittkortannonse,
4 innrykk pr. år: kr. 4.400,- pr. År
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr.år

INFORMASJON

B

Returadresse.
Kyrkjekontoret
Kommunehuset
6957 Hyllestad

NORGE



Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Vakttelefon i Sunnfjord prosti

Kvardagar etter kl 17:00 og på helge- og høgtids-dagar er det alltid ein prest i prostiet med beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente, t.d. ved dødsbod, soknebod for døy-ande eller i andre kritiske situasjonar. Telefonnummer til vakttelefonen er **95483152**

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid tysdag og torsdag kl 10.00-14.00

Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: **Irene Fløde**

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: **Aslak Åm Sognnes**

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: **Audun Systad**

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

I KYRKJENE:

Organist **Erling Akse** - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar **Gunvor Insteffjord** - Privattelefon: 57 78 88 03

Klokkar **Aslak Åm Sognnes** - Mobiltelefon: 975 83 290

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog **Toril Lange**

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar **Jostein Ryland** - Mobiltelefon: 992 81 401


KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as

Bankkonto: 3705.01.58455



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no